

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Susanne Vaktskjold		19/640

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
10/2019	Ungdomsrådet	PS	14.03.2019

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Ungdomsrådet - 10/2019

##### **UR - behandling:**

Betring av tilbod for ungdom innanfor psykisk helse

Ebbe lo og Marcus Skjelvik har ei aktuell sak til ungdomsrådet. Psykisk helse- eit tilbod som dei meiner er for dårleg i kommunen. Dei ønskjer å få ein meir synleg kommunepsykolog som som kan vera på skulane ein dag i veka. Dei meiner det er vanskeleg å få snakke med psykolog dersom man ikkje allereie har ein alvorleg nok diagnose og at vegen til psykolog er alt for vanskeleg og tungvindt. Dei ønskjer ein psykolog som har drop-in timer på skulane. Dei ønskjer også at helsesjukepleiarane er meir tilgjengeleg. Det er lange køar for å få snakke med dei.

Dei ønskjer å ta dette opp i formannskapet. Der vil dei leggje fram at dei ønskjer helsesjukapleiar to dagar i veka og psykolog ein dag i veka på kvar skule. Det vil krevje at formannskapet vil leggje ein plan på dette i løpet av nokre få månader.

Dei seier også at helsestasjonen for ungdom er eit godt tilbod, men at mange ungdom slit med å dra der, dei vil ha tilbodet inn i skuane i stadenfor på ein helsestasjon, da vert det lettare for ungdom å nytte seg av tilbodet.

Susanne S. Slettebakken foreslår at dei tar dette vidare med Anette Hesjedal-leiar av prosjekt «Trygg og god oppvekst» som første steg.

##### **UR - vedtak:**

Ebbe og Marcus starter første steg med å snakke med Anette Hesjedal. Det vert bestemt at sekretær Susanne Vaktskjold skal sette opp møte.